




Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 - dep  
0032 Oslo



Vår dato: 10.04.06  
Vår ref: 99/298  
Dykkar dato: 28/02/06  
Dykkar ref: 200600906-/JGA  
Sakshandsamar: HC

## **Høring frå Høgskulen i Volda vedk. endring i forskrift om skikkavurdering i lærarutdanningane til også å omfatte helse- og sosialfagutdanningane**

Høgskulen i Volda ved Institutt for sosialfag utdannar barnevernspeagogar og sosionomar, og vil frå 2007 og ha mastergrad i sosial- og helsefagleg arbeid. Vi har med interesse lest framlegget om å la forskriftene om skikkavurdering og verte omarbeidde til å omfatte fleire profesjonsutdanningar.

Høgskulen i Volda støtter Kunnskapsdepartementet i å innføre forskrifter om skikkavurdering også for grupper som sosialfagstudentar. Vi stiller likevel spørsmål ved om det er mogleg å kunne fange tilstrekkeleg opp og regulere negative trekk ved åtferda til studentar innan utdanningar på høgare nivå. Studiefornene legg opp til sjølvstendig arbeid og ansvar for eiga læring. Forskriftene har som hovudregel at det som vert vurdert, skal knytte seg mot sjølv studiesituasjonen. Det er problematisk om lærar- og rettleiarrolla i undervisning og seminar inneber at ein og skal vurdere haldningar og veremåte og melde frå om ein finn graverande forhold. Eit større medvit om forskrifta sine konsekvensar kan føre til at studentane ikkje ønskjer å ta initiativ og vere aktive. Formativ læring tar og tid, og det inneber at ein må ha tid til å la studentane modnast. Vi ser likevel at slike forskrifter har ein preventiv funksjon, og elles gjer det enklare å handle om situasjonar som forskriftene nemner, oppstår. Vi har elles nokre få kommentarar:

### *Enkel forskrift*

Alle profesjonsgrupper som retter arbeidet sitt inn mot barn og unge og menneske i utsette posisjonar (funksjonshemming, sjukdom, sosiale vanskar) har eit særleg ansvar i å handle etisk, vere vår for brukarane sine behov og skape ein optimal samhandlingssituasjon i ein kunnskapsbasert, profesjonell kontekst. Vi har derfor tru på at ei felles forskrift med ein enkel struktur vert vesentleg enklare å forstå og få innarbeidd. Kunne ein i slutføringa av forskriftsarbeidet sjå på fellesnemnarane i vurderingskriteria i §§ 2 a og 2b - ? At det er gjort eit skilje i vurderingskriteria for lærarar og for helse- og sosialfagutdanningar ser vi på som unødig tungvint. Har ein felles kriteria for profesjonsgruppene, trur vi at dei kan vere enklare å få desse innarbeidde.

### *Nemnda*

I forskriftene sin § 4 er det lagt opp til at styret for høgskulen skal oppnemne ei eiga nemnd som har ansvar for å ta stilling til saker som kjem opp etter forskrifta. For utdanningar med både lærar – og helse- og sosialfag vert det nokre uklarte grensegongar, evt. ei sær stor og tungrodd nemnd om alle utdanningane forskriftene gjeld, skal vere med. Dette må avklarast. Her kan det neppe vere representasjonsprinsippet som tel, men om dei som sit i nemnda har røynsle og kunnskap til å forvalte ansvaret. Prosedyrar som sikrar at fagmiljøet sitt syn må verte ivareteke. Slike saker vil kunne ha rettslege konsekvensar, og høgskulen støttar framlegget om å ha jurist som medlem av nemnda.




*Institusjonsansvarleg og tvilsmeldingar*

Starten på saker etter forskrifta skal iflg §§5, 6 og 7 om den institusjonsansvarlege, som har ein vurderings- og rettleiingssamtale med studenten. Det er bra at prosedyren legg opp til at saka kan romme tvil, og studenten få hjelp til oppfølging. Saka skal iflg framlegget til nemnda om utvida oppfølging og rettleiing ikkje fører til endring. Saka bør romme at studenten har rett på slik rettleiing og at rettleiinga skal vere frå eige fagmiljø om den institusjonsansvarlege er frå ein av dei andre profesjonane. Ein ser elles at det kan vere vanskeleg å finne ut kva tid saka går til nemnda, her bør ein byggje inn prosedyre som m.a. har eit tidsaspekt.

Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag

Hallgerd Conradi (s)  
dekanus

  
Kåre Heggen  
instituttleiar, sosialfag